

**Statens vegvesen**

Fylkesmannen i Rogaland
Postboks 59
4001 STAVANGER

Mos

Mottatt til
Journalføring

12 SEPT. 2014

Fylkesmannen i Rogaland

13 | 1242

Behandlende eining:
Region vest
Vegavdeling Rogaland

Sakshandsamar/innvalsnr:
Gro Osmundsen Kyvik -

Vår referanse:
2013/014432-007

Dykkar referanse:
12/219-91

Vår dato:
21.08.2014

Kommuneplan Suldal kommune 2014 - 2025 - offentleg ettersyn / høyring

Vi viser til høyring av framlegg til ny kommuneplan for Suldal datert 20.06.14. Høyringsfrist er sett til 14.09.14.

Statens vegvesen sine interesser i planarbeidet er knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har og ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan, Rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging, Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Vi uttaler oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, fylkesveg på vegne av fylkeskommunen, og som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik, miljø og universell utforming. Uttalen inngår i samordningsprosjektet av statlege motsegn i regi av Fylkesmannen i Rogaland.

Kommuneplanen består av to deler; samfunnssdelen og arealdelen. I samfunnssdelen skal kommunen ta stilling til langsiktige mål og strategier for kommunen som heilskap og organisasjon. Arealdelen til kommuneplanen skal trekke opp rammer for framtidig arealbruk i kommunen og på den måten underbygge måla og strategiane. Arealdelen utgjerast av eit plankart med tilhøyrande føresegner.

Framlegget til revidert kommuneplan for Suldal er i hovudtrekk ei vidareføring av gjeldande kommuneplan frå 2009. Planen innehold mange gode element i tråd med overordna arealpolitiske føringar, og det skal kommunen ha skryt for.

Samfunnssdelen

I areal er Suldal den største kommunen i Rogaland. Folketalet har hatt ei positiv utvikling dei siste åra og er no ca. 3 880. Kommunen har spreidd bustadmønster med mange bygder og grendesenter. Bustadstrukturen fører til ei rekke samferdslerelaterte utfordringar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Kvaløygata 1
5537 HAUGESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Suldal kommune har følgjande hovudmålsettingar for samferdslepolitikken:

- Trygge vegar
- Gode kollektivtilbod
- Elektronisk samband for alle

Hovudstrategiane for å nå desse målsettingane er:

- Opprusting og rassikring på Rv. 13
- Ferjesamband Nesvik – Hjelmeland til dette evt blir avløyst av tunnel
- Betre vedlikehald av riks- og fylkesvegar
- Rydding og skoging langs offentleg veg
- Oppretthalde og vidareutvikle kollektivtilbodet (både båt og buss)
- Realisering av Haukelibanan
- Full mobildekning
- Full internettdekning

Nasjonal transportplan (NTP) og Regionalplan for areal og transport i Ryfylke 2011-2023

Hovudmålet for den nasjonale og regionale samferdslepolitikken er eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennlig transportsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og fremjar regional utvikling. Det skal leggast til grunn eit langsigttig, berekraftig perspektiv i arealplanlegginga. Busettingsmönsteret og transportsystemet skal i samordnast. Det skal leggast vekt på løysingar med korte avstandar mellom bustader, service- og offentlege funksjonar, slik at fleire vel kollektiv transport, sykkel eller gange når dei skal utføre daglege gjermål.

Bustadmönsteret i Suldal er ei utfordring i høve til målsettingane i NTP og Regionalplanen. I Suldal sin kommunedelplan for klima og energi 2012-2017 står det at kommunen må satse på eit transportdempande utbyggingsmönster. Viktige strategiar for å få til dette er:

- nærleik inne i grendene
- lokalisering av nye bustadområde nært skule og servicefunksjonar
- gode gang- og sykkelvegar
- kollektiv transport.

Kommunen sin klimaplan speglar målsettingane i NTP på ein god måte. Men samfunnsdelen til kommuneplanen seier lite om korleis målsettinga om eit transportdempande utbyggingsmönster er følgt opp i kommuneplanarbeidet. Endra reisemiddelfordeling og reduksjon av veksten i transportbehovet er etter vårt skjønn ei viktig utfordring som ein må ta inn øve seg i kommuneplanarbeidet.

Statens vegvesen vil tilrå at strategiane som er skissert i klimaplanen i større grad blir reflektert i kommuneplanen.

Kollektivtransport og gang- og sykkelveger

I Ryfylke har tradisjonelt bilistane sine behov vært overordna dei gåande og syklande sine. Det har ført med seg manglande systematikk i planlegging og utbygging av gang- og

sykkelvegar. Det er ei hovudmålsetting for nasjonal sykkelstrategi at sykkeltrafikken skal utgjere 8% av alle reiser innan 2023.

Ei anna nasjonal og regional målsetting er at transportsystemet blir universelt utforma og tilgjengeleg for alle. Prinsipp for universell utforming skal leggast til grunn for planlegging og utbygging av kollektivknutepunkt og anna infrastruktur.

I handlingsdelen til Kommunedelplan for klima og energi i Suldal er bygging av gang- og sykkelvegar og tilrettelegging for brukartilpassa kollektivtilbod nokre av mange viktige tiltak for å oppnå kommunen sin klimamålsetting.

Statens vegvesen vil tilrå at ein i kommuneplanen utdjupar kommunen sin overordna strategi for gang- og sykkeltrafikk og tilrettelegging av kollektivtilbod. Strategien må sjåast i samanheng med lokale utfordringar.

Kommunal plan for trafikktryggleik

I uttale til planprogrammet skreiv Statens vegvesen at kommunen sine mål og strategiar for arbeidet med trafikktryggleik bør koma fram i kommuneplanen. Vidare at kommunen sin plan for trafikktryggleik bør bli ein del av kommuneplanen.

Det går ikkje fram av kommuneplanen kva visjonar kommunen legg til grunn for sitt trafikktryggleksarbeid, og kva mål og ambisjonar kommunen jobbar mot på dette feltet.

Gjeldande plan for trafikktryggleik i Suldal er frå 2009. Statens vegvesen er informert om at det pågår arbeid med revisjon av planen, og vil sterkt tilrå at ny plan blir utforma som ein kommunedelplan. Statens vegvesen ynskjer og å bli invitert inn i arbeidet med ny plan for trafikktryggleik.

Arealdelen

Det overordna målet for arealutviklinga i kommunen er:

Ei berekraftig og langsiktig forvalting av arealressursane for å styrka busetnad og næringsliv, samstundes som ein tek vare på mangfoldet og kvalitetane i Suldalsnaturen.

Hovudstrategiar for å nå denne målsettinga er mellom anna:

- Styrke Sand som kommunesenter og samstundes ta vare på tradisjonen med spreidd bustadbygging og livskraftige grender. Ha tilgjengelege attraktive bustadomter på Sand og i alle grendesentra
- Ta vare på barn og unge i planlegginga og utbygginga av bustadområde
- Ha eit langsiktig perspektiv på Suldal som hyttekommune. Forsiktig fortetting og utviding av eksisterande hytteområde framfor nye område
- Tilgjengeleg kommunalt næringsareal på Sand. Positiv haldning til næringsetablering i alle grender

- Forvalta areala langs Nasjonal turistveg Ryfylke, inkludert Rv. 13 gjennom Suldalsføret, på ein måte som styrker natur- og kulturopplevingane for turistar og fastbuande

Bustadområde og næringsareal

Å styrke Sand som kommunesenter er ein av hovudstrategiane til kommunen i målet om ei berekraftig og langsigktig forvalting av arealressursane. Samtidig er det ei målsetting i kommuneplanen å ta vare på tradisjonen med spreidd busetting.

I arealdelen til kommuneplanen er det vist fleire LNF-områder for spreidd bustadbygging i utkanten av grender og tettstader, og i områder med få servicefunksjonar. I tillegg viser planen fleire ubygde bustadområder som har ein perifer beliggenhet i høve til eksisterande grendesenter og skular.

Etter Statens vegvesen sin vurdering er ikkje utbyggingsstrukturen som det blir lagt opp til i arealdelen heilt i samsvar med kommunen sin strategi om å styrke Sand som kommunesenter. Statens vegvesen meiner at tilrettelegging for spreidde bustader fører til en bilbasert busettingsstruktur som svekker Sand sine føresetnadar for vekst, samstundes som det svekker den innbyrdes oppbygginga av dei enkelte grendesentra.

Statens vegvesen tilrår at LNF-område for spreidd bustadbygging blir tatt ut av planen.

Suldal bør satse på fortetting av eksisterande grender. Nærleik i grendene mellom bustader, skule og andre servicefunksjonar er viktig for å nå målet om eit transportdempande utbyggingsmønster. Ubygde eksisterande næringsarealer i arealdelen bør vurderast ut frå same kriterier.

Det er potensiale i arealdelen til å stramme opp tettstadene. Til dømes kan følgjande område og grep vurderast:

- I Erfjord er det teke inn nytt bustadareal som er langt større enn behovet dei neste fire åra. Areala som er lagt inn ligg delvis perfert i høve til skulen. Statens vegvesen tilrår at areal for ny utbygging i Erfjord blir redusert og lokalisiert nærmere skulen og Rv. 13.
- I Hebnes og Vatlandsvåg er det lagt inn nye byggeområde for bustader som ein bør vurdere å ta ut. Bustadområdet Kjølvik i Vatlandsvåg ligg inne i gjeldande kommuneplan. Ein bør vurdere om dette kan tas ut.
- I Jelsa er det lagt inn eit nytt område for bustadbygging nord for kyrkja. Området ligg perfert i høve til eksisterande bustadområder i Jelsa og bør tas ut av planen. Ein bør vurdere om nytt bustadområde på Sandaneset kan flyttast nærmere skulen.
- I Sand bør ein vurdere om eksisterande bustadområde på Sjostien og Kammen kan flyttast nærmere sentrum. Vidare bør ein vurdere om bustadområde på Bergekrossen i Sandsbygda kan tas ut.
- På Nesflaten bør ein ta ut nytt bustadområde i sørvest.

Statens vegvesen vil sterkt tilrå at nye bustadområde blir planlagt i gang- og sykkellavstand til skule.

Det bør ikkje etablerast nye bustader i område der gang- og sykkelnettet er dårlig eller det er langt til naturlege målpunkt. Der ein likevel vel å etablere bustadområde som ligg perifert i høve til skule og servicefunksjonar bør omfanget av områda vurderast kritisk ut frå reelt behov innanfor planperioden.

Prinsipp om universell utforming skal leggast til grunn for planlegging av nye bustadområde.

Plassering av nye byggeområde bør alltid vurderast i høve til Handlingsplan for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest. Rv. 13, fv. 517 og delar av fv. 681 er plassert i haldningsklasse 2 i rammeplanen, og haldninga til etablering av nye avkøyrsler til vegen skal vere streng. Dette gjeld også for driftsavkøyrsler. Nye avkøyrsler bør ikkje godkjennast utan at det føreligg godkjend reguleringsplan. Godkjenning av utvida bruk bør også avgrensast.

Fritidsbusetting

Det er ikkje tatt inn nye hytteområde i kommuneplanen. I uttale til planprogrammet skreiv Statens vegvesen at fritidsbustader er eit av satsingsområda i Regionalplanen for Ryfylke, fordi utbygging og bruk av hytter gir inntekter til kommunen.

Når Sandsfjord bru opnar vil truleg områder på både sider av Sandsfjorden bli meir attraktive for utbygging av fritidsbustader for folk som kjem frå vest og sør. Suldal har likevel overskot av hyttonråder i kommuneplanen og nok tomter til å dekke behovet dei neste fire åra.

Anna

Ferjefri og trygg Rv. 13 er ei viktig målsetting i Regionalplanen for Ryfylke. Utbygginga av fv. 46 Sandsfjord bru med tilknytingsvegar og ny tunnel fv. 517 er viktige ledd i denne målsettinga. På Rv. 13 pågår det i tillegg planarbeid for rassikring i Rødsliane.

På Rv. 13 mellom Kolbenstveit og Helganes bru pågår det og planarbeidet der hovudformålet er å etablere ein rastepllass for Suldalsporten ved Helganesbrua. Bakgrunn for prosjektet er overskotsmasser i samband med at Statnett skal etablere ein straumkabel frå Kvilldal til England. Det bør vurderast i kommuneplanarbeidet om traseen for kabelen skal visast i arealdelen med ei hensynssone.

Statens vegvesen vil sterkt tilrå at ein viser til Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrenser i føresegne til kommuneplanen. Rammeplanen er eit viktig og godt verktøy som sikrar likebehandling og aukar trafikktryggleiken langs vegane den omhandlar.

Oppsummering

- Statens vegvesen tilrår at strategiane som er skissert i klimaplanen i større grad blir reflektert i kommuneplanen. Endra reisemiddelfordeling og reduksjon av veksten i transportbehovet er ei viktig utfordring i kommuneplanarbeidet.

- Statens vegvesen tilrår at LNF-område for spreidd bustadbygging blir tatt ut av arealdelen. Kommunen bør fokusere på fortetting av eksisterande grender.
- Statens vegvesen vil sterkt tilrå at nye bustadområde blir planlagt i gang- og sykkelavstand til skule.
- Lokalisering av næringsareal må vurderast ut frå prinsippet om samordna areal og transportplanlegging.
- Prinsipp om universell utforming skal leggast til grunn for planlegging av nye bustadområde.
- Plassering av nye byggeområde bør vurderast i høve til Handlingsplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest.
- Det bør utarbeidast tydlegare målsettingar i høve til gå- og sykkelstrategi, og trafikktryggleiksarbeid.

Plan og forvaltning
Med helsing



Ivar Thorkildsen
Seksjonsleder



Gro Osmundsen Kyvik